



Fylkeskommunen er også negativ til fleire naust på stranda til Bjarne Stensletten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje berre fylkesmannen, men også fylkeskommunen stiller seg negativ til Stenslettens plan om byggjing av fleire naust aust for Eidsvik Skipsbyggeri. Fylkeskommunen rår ifrå at det vert ”dispensert frå LNF-området i overordna plan til byggjing av naust, av omsyn til god planpraksis, strandsonenevnet og kulturminne”, heiter det i uttala.

Fylkeskommunen vurderer planen både utifrå regionale interesser nedfelt i fylkesplanen og fylkesdelplanar og som regional kulturminnestyresmakt.

Når det gjeld strandsona, peikar fylkeskommunen på at det er søkt om dispensasjon for knapt 100 meter strandline for byggjing av naust i tre parsellar. Søknaden er grunngeven med at området ligg i utkanten av LNF-område og grensar opp til område for fritidsbustader i aust og bustadbyggjing i sør.

Dei regionale retningslinene er klare på at ein gjennom gode arealplanar skal redusere trongen for dispensasjonar eller plan- og bygningslova. Difor stiller fylkeskommunen seg svært kritisk til dispensering i LNF-områda. Dersom utbyggjinga skjer bit for bit grunna ein liberal dispensasjonspraksis, vil det undergrava det særskilde vernet av strandsona. Utviklinga i denne sona bør i større grad styrast av kommunen si planleggjing og ikkje av enkeltsakar basert på dispensasjon.

Fylkeskommunen vil på det sterkaste rå ifrå at det vert dispensert frå LNF-området i strandsona og viser til fylkesplanen der det vert presisert at byggjing i denne sona ikkje skal tillast utanom i samband med tradisjonelt landbruk og fiske og havbruk knytt til gardsdrifta.

Fylkeskommunen oppmodar kommunen om å sikre at byggjing skjer i samsvar med overordna plan, der viktige samfunns- og naturmessige omsyn er teke i prosessen.

Også omsynet til kulturminne er eit viktig moment for fylkeskommunen, som peikar på at arealet Stensletten ønskjer å frådela i dag er bebygd med eitt verneverdig naust. Det er ifølgje fylkeskommunen sine arkiv bygd på 1800-talet og vart flytta frå Skorpøyna til Uskedalen/Porsen rundt århundreskiftet (1800/1900) Det er bygd i tradisjonell stil med ei høgde, saltak og både ståande og liggjande kledning av tre. Som del av heilskapen

kulturlandskapet Uskedalen/Porsen har naustet stor kulturhistorisk verdi og difor bør det takast vare på, held fylkeskommunen fram.

Av Ola Matti Mathisen



Fylkeskommunen har merka seg det verneverdige naustet. (Foto: Ola Matti Mathisen)